



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
08.03.2018
Dykkar dato
06.03.2018

Vår referanse
2018/2659 730
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Om tilskotsordninga kap 765 post 60 - tilbod til menneske med langvarige og eller samansette behov

Vi viser til e-post 6. mars 2018 der helsesjef i Meland kommune skriv følgjande:

«Viser til utlysning på hjemmesidene deres på denne ordningen:

<https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Tilskot/Tilbod-til-menneske-med-langvarige-og-eller-samansettebehov/>

Meland kommune fikk i fjor 650.000 på denne ordningen, en stilling besatt fra august 2016. (+ tilleggsbevilgning på kr 300.000 i oktober 2017).

Vi skal søke i år også. Nå er maks tilskudd pr stilling redusert til 300.000. Dette er en dramatisk reduksjon i tilskuddet, mer enn en halvering (selv om vi får det innvilget), og som varsles et par mndr inn i budsjettåret.

Det kommer også en interkommunal søknad, i regi Lindås kommune, til etablering av FACT-team. Dette er selvsagt et svært viktig prosjekt som har støtte i flere kommuner og er bredt forankra i regionen. Men eksisterende tilbud på denne ordningen må nå konkurrere med FACT, både i tilskuddsordningen og i de interne prioriteringene. Er det tenkt at vi skal avvikle eksisterende tilbud innen dette området, samtidig som det rigges et nytt gjennom FACT?

For Meland blir det uansett en nedgang i tilskuddene samlet (når vi ser Meland sin andel av det interkommunale prosjektet).

Denne ordningen synes merkelig rigget, og skaper utilsiktede problemer. Hva i huleste har Fylkesmannen tenkt på her?»

Om regelverket

Det er rett at regelverket for tilskotet er endra fra 2017 til 2018. Det er Helse- og omsorgsdepartementet som har godkjent regelverket. Fylkesmannen har ikke hatt nokon innverknad på endringane som er gjort.

Det er rett at informasjon om endringar i tilskotet kjem nesten to månader inn i budsjettåret. Helse- og omsorgsdepartementet godkjende regelverket 16. februar 2018. Kva som er grunnen til at det tok tid før regelverket vart godkjent, kan vi undersøkje om det er ønskjeleg å

få svar. Den 20. februar 2018 fekk vi beskjed frå Helsedirektoratet at tilskotet kunne lysast ut. Det vart gjort same dag.

Nye tiltak eller prosjekt kan få tilskot i inntil fire år, men ei gradvis skjønnsbasert nedtrapping samstundes som eigenfinansiering vert auka.

Det er rett at tilskotet til stillingar i behandlingsteam (ACT- eller FACT-team) er kr 300 000 per stilling for inntil 10 stillingar første og andre år.

For tiltak eller prosjekt som ikkje kjem inn under kategorien tverrfagleg oppsøkjande behandlingsteam, skal midlar tildelast ut frå skjønn og med ein gradvis reduksjon samstundes som eigenfinansiering blir auka opp.

Om tilskot til Meland kommune i 2017

De søkte om kr 1 650 000 i tilskot frå kapittel 765 post 60 til vidareføring av tiltak for oppfølging i eigen bustad og aktivitetar.

I brev av 9. mai 2017 fekk de tildelt kr 650 000. Av dette var kr 302 279 overført frå tilskot til same tiltak i 2016. De fekk utbetalt kr 347 721.

Den 22. september 2017 fekk vi tilleggsfullmakt frå Helsedirektoratet og i brev av 12. oktober 2018 fekk de ytterlegare kr 300 000 i tilskot til det same tiltaket.

Samla tilskot frå kapittel 765 post 60 i 2017 er på kr 950 000.

Det går fram av tildelingsbrevet at tilskotet skal disponerast til årsverk og at det ikkje kan nyttast til andre utgifter eller investeringar. Dersom midlane ikkje blir brukte, kan de søke om å få dei overført til 2018. Føresetnaden for å få godkjent slik overføring er at tiltaket tilskotet var gitt til, vert vidareført.

Rapportering på bruken av tilskotet i 2017

I rapportering som de har sendt 22. februar og 5. mars 2018 skriv de at de fekk utbetalt kr 647 991 og at lønnsutgifter var kr 659 417.

I rekneskapsrapport 2017 skriv de at kostnad kr 11 426,97 er dekt ved bruk av tilskotsmidlar og at samla ubrukt tilskot er kr 543 891, herav kr 300 000 motteke i 4. kvartal 2017.

Søknad om overføring av ubrukt tilskot frå 2017 til 2018 er ikkje motteken.

I følgje opplysninga registrert i vårt rekneskapssystem fekk Meland kommune utbetalt kr 347 721 den 30. mai 2017 og kr 300 000 den 17. oktober 2018

Med eit samla tilskot i 2017 på kr 950 00 og lønnsutgifter på kr 659 417,- er det kr 300 583 som ikkje er nytta.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er noko vi har misforstått.

Fristen for innsending av revisorattestert rekneskap er 31. mars 2018. Vi ser gjerne at denne om mogeleg, kjem før.

Om søknad om tilskot i 2018

Tilskotsordninga skal stimulere til styrking av tenestetilbod til personar med langvarige og eller samansette behov for tenester. Tidsavgrensing av kor mange år det enkelte tiltaket kan få tilskot er innført for å kunne gi rom til nye tiltak. Kommunen avgjer sjølv om og kva de vil søkje om tilskot til. Dei prioriterte tiltaka 1-3 i regelverket gir tydelege føringer for korleis vi skal prioritere mellom tiltak det blir søkt om tilskot til.

Vi forstår at endring av regelverk medfører meir arbeid. Vi vonar likevel at tilskotsordninga kan vere til hjelp i vidareutvikling av tenestene.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.